

ULSTEIN - *der baug bryt bære*

ASSOSIASJONAR

Havet og båten
Modig og stolt
Stå-på-vilje
Å ta utfordringa...
...stå i det...
...og baske seg gjennom

ULSTEINSAMFUNNET

"I Ulsteinsamfunnet har vi eit felles verdigrunnlag. I ei tid med stadige endringar og nye utfordringar, ynskjer vi å signalisere positive og langsiktige verdiar, forankra i vår kulturelle tradisjon og identitet. Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer utviklingssøkjande innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv, som har visjonar, vilje og pågangsmot, for eiga utvikling, medmenneske og samfunnet."

KOMMUNEVÅPENET

"Motivet: Bjelke med ulvetannsnitt i gull på blå botn - skal markere at Ulstein-namnet er knytt til gammal historie og kultur. Ein av teoriene om opphavet til namnet knyter seg til Ulstein-elva som i gammal tid bar namnet Ulva. Ved Ulstein-elva finn vi rike minne om folkesetnad i førhistorisk tid. Det var her ved denne elva at vårt første kulturelle sentrum vart grunnlagt med kultstaden og seinare kyrkjestaden som samlingspunktet for prestegjeldet og tinglaget. Dette heraldiske motivet skal difor minne oss om at Ulstein kommune har ei fortid med lang historisk tradisjon å ta vare på og halde ved like."

ULVEN

Jung om ulvebiletet: "Ulvebiletet viser til utemde krefter som opptre like 'intelligent' som kompromisslaust."
Böckler om ulven: "Ulven representerer vaktsemd og varsemd. Derfor er ulven brukt i mange våpen. Ulven veit å ta sitt bytte med slik klokskap at den sjeldan vert tatt av jegeren."
Ulven er symbol for morgonsola (Apollon Lykios) fordi den ser om natta.
Trass i at ulven er eit farleg rovdyr har vi sagn der ulvar ammar og fostrar menneskeborn. Det frykta rovdyret kan altså under visse omstende verte ein mektig beskyttar for menneske.

SYMBOLET

Båt med stemn forma som ein stilisert ulv baskar seg gjennom bølgiene.
Båt med røter tilbake til vikingtida - men kanskje også med slektskap til moderne skipsdesign...
Ulvetenner i gull henta frå kommunevåpenet (ref. over).
Bølgje/sjøsprøyt som gir assosiasjonar til rosemåling eller bunadssaum (sunnmørsbunaden).



ULSTEIN - *der baug bryt bære*



ULSTEIN - *der baug bryt bære*